

# BOKBÅTEN I SOGN OG FJORDANE

---

## Evalueringsrapport

Arbeidsgruppe oppnemnd av fylkesdirektøren, jf. FT-sak 66/10 og HK-sak 47/12  
2013



# **Bokbåten i Sogn og Fjordane. Evalueringssrapport**

<b>1. SAMANDRAG OG KONKLUSJON</b>	<b>s. 3</b>
<b>2. INNLEIING</b>	<b>s. 4</b>
• Arbeidsgruppa – mandat og samansetjing <ul style="list-style-type: none"><li>○ Mandat</li><li>○ Samansetjing</li></ul>	
• Styringsdokument <ul style="list-style-type: none"><li>○ Lov om folkebibliotek</li><li>○ Kulturutredningen 2014 (NOU 2013:4)</li><li>○ Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014</li></ul>	
• Arbeidsgruppa si tolking av mandatet	
<b>3. HISTORISK UTVIKLING</b>	<b>s. 6</b>
• Bokbåten – eit vestlandssamarbeid	
• Samfunnsmessige endringar	
• Endringar i bibliotektilbodet i fylket	
• Bokbåten i Sogn og Fjordane <ul style="list-style-type: none"><li>○ Generelt</li><li>○ Talet på stopp</li><li>○ Besøks- og utlånstal</li><li>○ Kulturprogram</li><li>○ Økonomi</li></ul>	
<b>4. ANALYSE AV BOKBÅTTILBODET</b>	<b>s. 13</b>
• Bokbåten = bibliotek	
• Spørjeundersøkingar <ul style="list-style-type: none"><li>○ Resultat av spørjeundersøking til kommunar</li><li>○ Resultat av spørjeundersøking til kontaktpersonar</li></ul>	
• SWOT-analyse	
<b>5. POTENSIAL FOR UTVIKLING</b>	<b>s. 17</b>
• Kultur- og litteraturformidling	
• DKS	
• Folkeakademia	
• Andre bibliotekteneste	
• Internett, digitalisering, e-bøker	
• Marknadsføring av Sogn og Fjordane gjennom bokbåten	
• Samarbeid med dei andre bokbåtfylka	
• Samarbeid med folkebibliotek i fylket	

- Epos
- Utnytting av ressursane

## **6. OPPSUMMERING**

**s. 23**

- Tenesta – kulturtildelinger og bibliotek
- Litteraturformidling
- Samarbeid
- Finansiering
- Utvikling

## **7. VEDLEGG**

**s. 26**

## **1. SAMANDRAG OG KONKLUSJON**

Fylkestinget vedtok 14. desember 2010 å evaluera bokbåtordninga innan tre år. Ei arbeidsgruppe vart oppnemnd med mandat å sjå på behovet for bokbåttenesta, vurdera ordninga og peika på potensial for utvikling og alternative driftsformer. Arbeidsgruppa har drøfta sterke og svake sider ved bokbåtdrifta, sett på statistikk over besøk og utlån og henta inn informasjon om korleis kommunane vurderer bokbåtordninga. Ein har òg vurdert tenesta i høve til sentrale og regionale føringar for bibliotekdrift.

Gruppa konkluderer med at bokbåttenesta bør vidareførast og vidareutviklast slik evalueringssrapporten peikar på. Bokbåten er ein del av det desentraliserte kultur- og bibliotektilbodet som er nødvendig i eit fylke som vårt. Gruppa går inn for at ordninga vert vidareført i fem år før ny evaluering, dersom det ikkje skjer vesentlege endringar i vilkåra for drifta før den tid. Slike endringar kan vere at eitt av dei andre fylka trekkjer seg ut av samarbeidet, at det vert behov for ny båt, eller at fylka må gå sterkare inn på andre bibliotekområde.

Arbeidsgruppa ser ei ordning med full fylkeskommunal finansiering, slik Hordaland og Møre og Romsdal har, som den beste løysinga. Då står fylkeskommunen fritt til å setja inn ressursane der behovet er størst og til å tilretteleggja tilbodet slik ein ynskjer. Løysinga føreset at fylkesbiblioteket får tilført kr 1 065 000,- (nettokostrnaden i budsjettet per i dag kr 825 000,- samt sum tilsvarande kommunal eigendel kr ca. 240 000,-). Dersom bokbåtordninga vert vidareført med kommunal eigendel som i dag, føreset det at fylkesbiblioteket får tilført nettokostrnaden med drifta kr 825 000,-.

Uavhengig av kva løysing som vert vald, må fylkesbiblioteket ha rom for å kunna vurdera innhald og organisering av tenesta fortløpende, også korleis ein vil leggje opp bokbåtruta og samarbeidet med kommunane elles.

Førde, 31. mai 2013

Arbeidsgruppa for evaluering av bokbåten

## **2. INNLEIING**

### **Arbeidsgruppa – mandat og samansetjing**

Fylkestinget gjorde 14. desember 2010 vedtak om at bokbåttenesta skulle evaluerast innan tre år (FT-sak 66/10). I HK-sak 47/12 vart samansetjing og mandat for arbeidsgruppa fastsett. Gruppa skulle bestå av representantar for kommunar som er brukarar av tenesta, kommunar som ikkje er brukarar av tenesta, Norsk Bibliotekforening, kulturavdelinga og fylkesbiblioteket. Frist for ferdigstilling av evalueringa vart sett til 1. juni 2013.

- **Mandat**

Gruppa får til oppgåve å evaluera fylkeskommunen si drift av bokbåttenesta.

Denne må setje lys på historia til tenesta, korleis denne har utvikla seg, endringane i drifta opp mot samfunnsmessige endringar i same periode. I ei evaluering må ein og drøfte dette tilbodet opp mot andre nye og etablerte tiltak som kan vera aktuelle for å nå det målet drifta av bokbåten har hatt.

Arbeidsgruppa skal også gjere greie for behovet for tenesta i dag og framtida, alternative driftsformer, sjanse for utvikling av eit unikt formidlingstilbod og samarbeid med nabofylka om ei vidare drift.

Dei vurderingane og tilrådingane som vert gjort må ta utgangspunkt i fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør, og sjåast opp mot Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane, vedteke av Fylkestinget i FT-sak 55/10.

- **Arbeidsgruppe**

Kulturdirektøren har nemnt opp følgjande representantar i arbeidsgruppa:

- Kommunar som er brukarar av tenesta – Ellen Borch Veum, biblioteksjef i Luster kommune
- Kommunar som ikkje er brukarar av tenesta – Trond Ueland, kommunalsjef i Førde kommune
- Norsk Bibliotekforening (NBF) – Jorun Systad, styret i Norsk Bibliotekforening avd. Sogn og Fjordane
- Kulturavdelinga – Øyvind Høstaker, koordinator den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane
- Fylkesbiblioteket – Siri Ingvaldsen, fylkesbiblioteksjef, leiar Sekretær - Ingrid Dræge, spesialbibliotekar, fylkesbiblioteket

## **Styringsdokument**

Bokbåttenesta er del av det samla bibliotek- og kulturtilbodet i Sogn og Fjordane, og må vurderast i høve til sentrale og regionale styringsdokument som gjeld for desse områda. Vi skal kort nemne dei mest sentrale her:

- **Lov om folkebibliotek**

Kulturdepartementet la 26. april 2013 fram si tilråding om endringar i lov om folkebibliotek (Prop. 135 L 2012-2013). Tilrådinga vart godkjend i statsråd same dag, og skal etter planen handsamast i Stortinget 17. juni 2013.

Folkebiblioteklova har etter endringsframlegget ein meir oppdatert og omfattande føremålsparagraf. § 1 i framlegget lyder slik:

§ 1 Målsetting

Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.

Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.

Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.

Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent.

Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksysteem.

Folkebibliotekas formidlingsansvar og rolle som møteplass og arena for offentleg samtale og debatt er styrkt gjennom endringsforslaget. Hovudutvalet handsama høyringsnotatet i møtet 22. mai 2012, og gav i den samanheng uttrykk for støtte til endringa i føremålsparagrafen (HK-sak 12/3215-2):

Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på justeringa i føremålsparagrafen, der formidlingsansvaret og rolla folkebiblioteket har som møteplass og kulturarena blir tydeleggjort.

- **Kulturutredningen 2014 (NOU 2013:4)**

Enger-utvalet slår i Kulturutredningen 2014 fast at det dei kallar «den kulturelle grunnmuren», deriblant folkebiblioteka, har vore nedprioritert og underfinansiert dei siste åra. I perioden 2001-2010 har biblioteka sin prosentvise del av netto driftsutgifter til kultur i kommunane gått frå 20,2 % til 14,7 % (Tabell 12.8, s. 242).

Dei reduserte løyvingane har i mange kommunar gått ut over mediesamlingane og digitale løysingar, tilgjengeleight og lånesamarbeid. Biblioteka sitt handlingsrom for å differensiere tilbodet slik at ein når alle brukargrupper på ein god måte har vorte mindre.

Utvalet understrekar behovet for å satse sterkare på biblioteka dei komande åra, og går inn for eit lokalt kulturløft.

- **Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014**

I FK-sak 55/10 vart Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014 vedteke. Planen har ikkje inne bokbåten som eit eige delområde, men legg stor vekt på litteraturformidling og formidling av nynorsk språk og litteratur. Bokbåten er ein del av fylkesbiblioteket si samla satsing på desse områda.

### **3. HISTORISK UTVIKLING**



#### **Bokbåten – eit vestlandssamarbeid**

Bokbåten er eit vestlandssamarbeid mellom fylkeskommunane i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland, og vert marknadsført som Vestlandet sitt flytande bibliotek.

Bokbåtverksemda starta opp i Hordaland i 1959, og frå 1964 kom Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal med i samarbeidet. Det er dei 3 fylkesbiblioteka som står ansvarlege for bokinnkjøp og utlån i sine respektive fylke. Til å utføra tenesta leiger ein M/S Epos. Om lag 165 stader i dei tre vestlandsfylka vert vitja to gonger i året. Bokbåten er ein del av det samla bibliotek- og kulturtildelingsfondet i fylka, og gjennom bokbåttenesta vert barn og vaksne i utkantstrok sikra tilgang til det nasjonale biblioteknettverket. I tillegg til å formidla og låna ut bøker til barn og vaksne tilbyr også båten kulturprogram med profesjonelle kunstnarar. Programtilbodet er for barn og kan vera teater, song, musikk og forfattarbesøk.

## **Samfunnsmessige endringar**

Det har vore store samfunnsmessige endringar i Sogn og Fjordane i tiåra etter at bokbåten starta opp i 1964. Den teknologiske utviklinga har vore enorm og gjort verda «mindre». Folk er blitt meir mobile, m.a. fordi vegnettet er bygd ut og nye samferdsletilbod har kome til. Det er færre bønder og heimearbeidande, og mange små skular, butikkar og postkontor er nedlagde. Både barn og vaksne pendlar meir og lettare enn før for få år sidan. I mange av kommunane i fylket har folketalet gått ned. Endringane har ført til at det bur færre menneske i mange av grendene kring om i fylket. Dette er nedslagsfeltet til bokbåten.

## **Endringar i bibliotektilbodet i fylket**

Når det gjeld bibliotekutviklinga i fylket har det også skjedd ei sentralisering. Mange kommunar har ønska å styrka hovudbiblioteket og satsa på nye lokale til hovudbiblioteket, som Eid og Gloppen. Fleire bibliotekfilialar er nedlagde og mange skulebibliotek har forsvunne saman med skulane. Dessutan har Internett gjort at folk har fått betre tilgang til kunnskap og tenester. Om ein ser på bokbåten i lys av biblioteks- og samfunnsutviklinga, har det naturleg nok vore nedgang i talet på stoppestader i løpet av snart 50 år. Det vart også ein liten nedgang i talet på anløp på 80-talet då Sogn og Fjordane fylkeskommunen innførte ein eigendel for kommunane som deltok i bokbåtordninga.

I 2011 vart bokbussen, som Sogn og Fjordane fylkesbibliotek hadde ansvar for, nedlagd. Talet på deltakande kommunar vart færre og færre. Dei siste åra gjekk bokbussen hovudsakleg til skular og barnehagar, og mange av dei nytta bokbussen aktivt. Bokbussen hadde 8 turar i året. P.g.a. storleiken var bokutvalet på bokbussen mindre enn på bokbåten, og det var heller ikkje noko kulturprogram om bord. Det er mange skular som har gitt uttrykk for at dei sakna det tilbodet bokbussen ga. Eitt av bokbusstoppa har no fått bokbåtstopp i staden.

## Bokbåten i Sogn og Fjordane



- **Generelt**

Bokbåten Epos rommar omlag 6 000 bøker, og 2 bibliotekarar frå Sogn og Fjordane fylkesbibliotek står for formidling og utlån av bøker. Tilbodet omfattar bøker og lydbøker for barn og vaksne. Sogn og Fjordane fylkesbibliotek har i alle år prioritert innkjøp og merking av nynorske barnebøker til bruk på bokbåten og bokstamma er difor ganske bra utbygd. Ca 14 av dei vel 40 anløpa til bokbåten er spesielt retta mot skular og barnehagar. Då kjem heile skulen og barnehagen om bord. Mange skular nyttar høvet til å supplera skulebiblioteket sitt, og ungane låner bøker til seg sjølve og til skulen. Resten av anløpa til bokbåten er om ettermiddagen/kvelden eller i helga, og er såleis mynta på heile familien. På dei aller fleste stoppa har bokbåten ein kontaktperson. Han/ho har ansvar for å henga opp plakatar før bokbåten kjem. Kontaktpersonen kan også plukka med seg bøker som kan plasserast på butikken, på kroa, på grendahuset eller på skulen og som kan fungera som ein liten «bibliotekfilial» der folk kan levera inn og låna nye bøker.



I Kroken samlast lånarane på kafe på Fjordtunet etter bokbåtbesøket

- **Talet på stopp**

Bokbåten besøker no vel 40 stader fordelt på 16-17 kommunar i Sogn og Fjordane. Talet på køyredagar vart f.o.m. hausten 2010 redusert frå 19 dagar pr. tur til 17 dagar pr. tur. Han kører to turar i året, februar/mars og oktober/november.

Pga. den kommunale eideelen, er det kommunane som avgjer kvar dei vil ha stopp i sin kommune. Dette kan føra til at bokbåten ikkje vert godt nok utnytta i dei 17 dagane han er i Sogn og Fjordane og det kan bli lang køyring med båten for få stoppestader i ein region.

Slik ser bokbåtruta for Sogn og Fjordane vinteren 2013 ut:

<http://www.bokbaten.no/index.php?action=showroute&id=2>

- **Besøks- og utlånstal**

Besøkstala har vore stabile eller aukande. Frå 2008 til 2012 steig besøkstala med 93 personar (frå 2.167 til 2.260). Av dei 2.260 personane som var om bord i 2012, var det 1.332 barn og 928 vaksne.

Utlånet som vert gjort om bord i bokbåten vert registrert, men det er ikkje råd å få korrekte utlånstal på bøkene som vert plasserte til vidareutlån på land (depot). Desse bøkene vert oftast telt berre ein gong, uavhengig av kor mange gonger dei har blitt lånte ut eller om dei ikkje har blitt lånte ut.


Av dei 14.828 registrerte utlåna i 2012, var det 8.584 barnebøker og 6.244 vaksenbøker. Så sjølv om det vert lånt ut mest barnebøker, er andelen av utlånte vaksenbøker stor. Bokbåten er eit tilbod til heile familien.

Utlånet har halde seg ganske stabilt dei siste 5 åra (i 2008: 15.457, i 2012: 14.828).

#### **Besøks- og utlånstal for bokbåten for 2008-2012:**


	<b>Besøk</b>	<b>Utlån</b>
<b>2008</b>	2.167	15.320
<b>2009</b>	2.198	15.244
<b>2010</b>	1.975	13.543
<b>2011</b>	2.244	14.841
<b>2012</b>	2.260	14.828

#### **Utlånstal 2012 for biblioteka i Sogn og Fjordane**



Det er berre 13 kommunar i Sogn og Fjordane som har høgare utlån i året enn bokbåten.

Kurva under syner prosentvis endring av utlånet på bokbåten i Sogn og Fjordane, folkebiblioteka i Sogn og Fjordane og på landsplan. Vi ser at utviklinga på bokbåten har følgt dei regionale og nasjonale trendane.



### ○ Kulturprogram

Bokbåten har alltid hatt eit tilbod om kulturprogram i tillegg til bøkene. Tidlegare var det gjerne eit kveldsarrangement retta mot vaksne, og for ungane vart det synt korte filmar. Men frå 1983 har bokbåten prioritert å tilby kulturprogram spesielt for barn. Det vert lagt vekt på kvalitet, berre profesjonelle utøvarar vert nytta. Som oftast vert det nytta kulturprogram der formidling av tekst vert presentert på ein lett og humoristisk måte. Fordi bokbåten går til små plassar, må det vera eit tilbod som passar både for barnehageborn og litt større skuleungar.

Då bokbåten har ledig kapasitet nokre föremiddagar, har det blitt gitt tilbod om kulturprogram til større plassar, t.d. barnehagar i Flora, barnehagar og skulen i Leikanger, skulen i Kaupanger.

Det har vore ein auke i talet på frammøtte på kulturprogramma frå 2008 til 2012, frå 1.656 til 1.831. I 2012 var det 1.242 barn og 589 vaksne som nytta seg av tilboden.



Klovnen Knut med kulturprogrammet «I regnbuens farger» i Solvorn 9. mars 2013

- **Økonomi**

Fylkeskommunen er den største økonomiske bidragsytaren til bokbåtdrifta. Fram til 2001 fekk dei mobile bibliotektenestene statsstøtte til 50% av driftsutgiftene. Frå 2001 vart det ei gradvis nedtrapping fram til 2005 då det var slutt på den øyremerka statsstøtta.

På 1980-talet innførte fylkeskommunen i Sogn og Fjordane ein kommunal eigendel. Kommunane skulle betala ein timepris for bruk av bokbåten. I Møre og Romsdal og Hordaland er det framleis fylkeskommunen som har alle utgiftene.

Bokbåten er registrert som folkeakademi, og får refundert ca 10 000 kr i året. Om det er ein forfattar med bokbåten kan det søkast om støtte frå Norsk Forfattersentrum.

Fylkesbiblioteka i Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane har søkt om prosjektmidlar til ulike tiltak knytta til bokbåten. I 2000-2002 vart dei tildelt 400 000 kr frå Statens Bibliotektilsyn til utvikling av ein heilskapeleg design og til oppretting av ein bokbåtklubb for skuleungar.

I 2013 har dei 3 bokbåtfylka fått ei statleg støtte på 150 000 kr til å markera at det er 50 år sidan Epos vart bygd. Markeringa skal skje på haustturane 2013 med ein felles start i Ålesund 5.september.

#### Rekneskap for 2012

Rekneskapen nedanfor syner utgiftene til Sogn og Fjordane fylkesbibliotek, Møre og Romsdal fylkesbibliotek og Hordaland i 2012. Hordaland har rekneskapsført utgiftene/inntektene på ein måte som gjer det vanskeleg å samanlikna dei med dei andre fylka.

Bokbåten har 17 reisedagar i Sogn og Fjordane, 24 dagar i Møre og Romsdal og 21 dagar i Hordaland. I tillegg kjem naudsynt gåtid mellom fylka.

Den ordinære arbeidstida til personale er ikkje med i oversynet. Heller ikkje utgifter i samband med leige av lokale til oppbevaring av media er med.

	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Hordaland
Overtid for bibliotekarar (helg + kveld)	191 633 kr	231 000 kr	
Trykksaker (plakatar)	1 250 kr		
Ymse driftsutgifter (plastposar)	5 737 kr	15 000 kr	
Annonsering	30 638 kr	41 000 kr	
Bøker	200 000 kr	143 000 kr	
Edb-utstyr	22 802 kr		
Båtleige	552 671 kr	755 000 kr	
Serviceavtale	11 652 kr	28 000 kr	
Honorar (kulturprogram)	<u>114 500 kr</u>	177 000 kr	
	<b>1 130 883 kr</b>	<b>1 390 000 kr</b>	
Refusjon frå kommunar	- 243 250 kr		
Refusjon frå Folkeakademiet	- 10 000 kr		
Refusjon frå Forfattersentrum	- 10 000 kr		
Refusjon frå DKS		- 75 000 kr	
	<b>867 633 kr</b>	<b>1 315 000 kr</b>	<b>1 522 000 kr</b>

#### **4. ANALYSE AV BOKBÅTTILBODET**

##### **Bokbåten = bibliotek**

Bokbåten er eit bibliotek og har dei same utfordringane og fordelane som andre bibliotek. Her finst det bøker i ulike genrar, ulike emne, for ulike aldersgrupper, og ein kan la seg freista ved å gå langs hyllene å finna bøker ein ikkje visste fanst. Formidlinga av bøkene vert vektlagd. Som på eit ordinært bibliotek, kan lånarane om bord i Epos la seg inspirere og anbefala bøker for kvarandre. Ikkje minst er det ein møteplass for fleire generasjonar og dei vaksne vert lesande førebilete for barna.

Bokbåten på Vestlandet er den einaste i sitt slag i Norge. Det finst heller ikkje mange bokbåtar andre stader i verda. Det køyrer ein del bokbussar i Norge. I Sogn og Fjordane var det bokbuss fram til sommaren 2011. Bokbåten starta i Sogn og Fjordane i 1964, og har sidan gått 2 gonger i året. Ein skulle tru at ei bibliotekteneste 2 gonger i året vert for lite, men erfaring har synt at dette gjer tenesta attraktiv. Hordaland prøvde å la bokbåten gå 3 gonger i året, men det ga ikkje auke i utlån og oppslutnad.

Nye medium, som e-bøker, høve til nedlasting av lydbøker, musikk og film, medfører nye utfordingar for biblioteka. Ein må finne nye digitale løysingar. Samstundes peikar den nye biblioteklova, som truleg vert vedteken på Stortinget 17. juni, på noko av det som er viktig for

biblioteka framover: biblioteket som møteplass og formidling av litteratur. Kulturutredningen 2014 er òg oppteken av desentraliserte kultur- og litteraturtilbod.



### **Spørjeundersøkingar**

I samband med evalueringa bad arbeidsgruppa kommunane og kontaktpersonane om å svara på eit enkelt spørjeskjema om bokbåttenesta.

#### **○ Resultat av spørjeundersøking til kommunar**

Arbeidsgruppa sende ut spørsmål til alle kommunane i Sogn og Fjordane, både dei som brukar bokbåten og dei som ikkje brukar han. Etter purringar kom det inn svar frå 16 kommunar, 11 frå kommunar som har bokbåt og 5 frå kommunar som ikkje nyttar bokbåten. Arbeidsgruppa hadde ynskt fleire tilbakemeldingar, og ser at svarfristen var knapp.

Spørsmåla dreidde seg om kvifor kommunen har/ikkje har bokbåtstopp, om dei vurderer fleire/færre anløp, kva den kommunale eigendelen betyr for kommunen, kva som fungerer bra/mindre bra ved bokbåttenesta og om det er andre bibliotek- og/eller kultutilbod/driftsformer som kan erstatta bokbåten.

Dei som har bokbåtteneste oppgir som grunn til at dei har denne tenesta at dei vil gje utkantane eit bibliotek- og kultertilbod. Dei seier likevel òg at storleiken på den kommunale

eigendel er avgjerande for kor omfattande tilbodet er. Kommunane uttrykkjer at dei er nøgde med innhaldet i bokbåttenesta. Dei kommunane som ikkje har bokbåtteneste oppgir anten økonomiske grunnar for det, eller at tenesta er uaktuell for deira kommune.

På spørsmålet om kommunane ser andre bibliotek- og/eller kulturtildelingsformer som kan erstatta bokbåten, peikar nokre på at bokbuss ville ha passa betre for dei. Det kjem ikkje fram andre alternativ. Mange av kommunane trekkjer fram at bokbåten er eit tilbod til fleire generasjonar og at det er eit kombinert tilbod, både litteratur og levande kultur.  
Sjå vedlegg.

- **Resultat av spørjeundersøking til kontaktpersonar**

Arbeidsgruppa sende også ut spørsmål om bokbåttenesta til bokbåten sine kontaktpersonar. Desse fekk spørsmål om innhald og organisering av tenesta. Spørsmåla var sende til kontaktpersonar på 41 stader, og det kom inn 28 svar. Alle desse er gjennomgåande positive til bokbåttenesta. Dei er svært nøgde med tenesta, både kulturtildelingsformen og bokutvalet får gode tilbakemeldingar. Fleire kommenterer at det er bra utval av nynorske bøker, bøkene er godt merka og det er kompetent personale om bord. Det kom fram nokre framlegg til mindre justeringar av tilboden.

Kontaktpersonane fekk også spørsmål om det er andre bibliotek- og/eller kulturtildelingsformer som kunne erstatta bokbåten. Dei aller fleste av kontaktpersonane ser ikkje noko fullgodt alternativ til båten. Mange trekkjer fram at dette er eit tilbod til fleire generasjonar og at det er eit kombinert tilbod, både litteratur og levande kultur.  
Sjå vedlegg.

### **SWOT-analyse**

Arbeidsgruppa drøfta bokbåttilboden med utgangspunkt i ein enkel SWOT-analyse. Momenta i analysen kom fram gjennom diskusjonar i arbeidsgruppa, frå spørjeundersøkingane og frå SWOT-analysen til rapporten: Litteraturformidling i Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane fylkesbibliotek 2005.

#### **Internt** (forhold ved båten og drifta)

#### **Eksternt** (forhold ved samfunnet som kan ha innverknad/som kan utnyttast i vår samanheng)

<b>Sterke sider</b>	<b>Moglegheiter</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Spesielt/unikt tilbod</li><li>• Høg bibliotekkvalitet</li><li>• Levert ut til grisgrendte strøk</li><li>• 2 gonger i året – blir noko spesielt</li><li>• Totaloppleving for lokalsamfunn (litteratur + kultur + møteplass)</li><li>• Samlande for lokalsamfunn</li><li>• Litteraturformidling av høg kvalitet</li><li>• Supplement til skulebibliotek</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Andre aktørar har samanfallande interesser<ul style="list-style-type: none"><li>○ DKS</li><li>○ Andre fylkeskommunar</li><li>○ Folkebiblioteka</li><li>○ Skular/skulebibliotek</li></ul></li><li>• Dårleg utbygde skulebibliotek / skular og barnehagar utan tilgang til (gode) bibliotek</li><li>• Fysisk møteplass viktig i dagens</li></ul>

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barn og vaksne saman</li> <li>• Lesande vaksne som førebilete for barn</li> <li>• Ein del av kyst- og fjordkulturen</li> </ul>	<p>samfunn</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Digital litteraturformidling, e-bøker</li> <li>• Fremjing av nynorsk litteratur - ei satsing frå fylkeskommunen si side</li> <li>• Lesing - viktig i høve til utvikling av språk</li> <li>• Lesefterskning – rikt og variert tekststilfang aukar lesekompesansen</li> <li>• For låg digital kompetanse hos bibliotektilsette</li> <li>• Ynskje frå mange brukarar om å ha/oppretthalde tilbodet</li> <li>• Sogn og Fjordane grisgrendt, til dels därlege kommunikasjonar</li> <li>• Mange har eit positivt forhold til Epos, godt omdømme</li> <li>• Kulturutredningen 2014, biblioteket som ein del av grunnmuren</li> <li>• Endra biblioteklov med fokus på møteplassar og formidling</li> </ul>
<p><b>Svake sider</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kjem berre 2 gonger i året</li> <li>• Kommunal eigendel – gjer det vanskeleg å endra ruta</li> <li>• Kan ikkje prioritere fritt kvar ein skal gå – kjem båten til dei som alt satsar litt?</li> <li>• Kjenner ikkje brukarane like godt som på eit stasjonært bibliotek</li> <li>• Eit avgrensa bibliotektilbod p.g.a kort stoppetid</li> <li>• Ingen digitale media</li> <li>• Dårleg utvikla samarbeid med andre aktørar</li> <li>• Ikkje god nok ressursutnytting</li> <li>• Ikkje gode nok nettsider</li> <li>• Marknadsføring/profilering</li> <li>• Ikkje god nok kontakt med brukarane (på sosiale media og elles)</li> <li>• Kostnad/ressursbruk for</li> </ul>	<p><b>Trugsalar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommuneøkonomien, hard prioritering innanfor eit kommunalt budsjett</li> <li>• Fylkeskommunal økonomi</li> <li>• Bibliotekteneste vert ikkje prioritert i kommunane</li> <li>• Nye busetnadsmönster</li> <li>• Ny utvikling innan samferdsle/kommunikasjonar</li> <li>• Nye skulestrukturar</li> <li>• Manglande nett-tilgang, telefonsamband i områda der bokbåten går</li> <li>• Interesse for tilbodet</li> <li>• Om båten vert nedlagd i eit fylke, kan han verta nedlagt i dei to andre fylke</li> <li>• Kvalitetten på Epos? 50 år gammal båt</li> </ul>

<p>fylkesbiblioteket</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• «Urettferdig» - kjem berre til stader med kai, og dei som har høve til å betale eigendelen.</li> </ul>	
--	--

## **5. POTENSIAL FOR UTVIKLING**

### **Kultur- og litteraturformidling**

Suksessfaktoren til bokbåten er at han både er eit bibliotek med god tilgang til litteratur for barn og vaksne og at han har eit levande kulturtildel om bord. Det er ikkje så mange andre tildel som dekkjer begge deler. Dette vert det også peika på i svara frå kommunane og kontaktpersonane.

Forsking syner at eit variert tekst-tilfang kan bidra til leseopplæringa, og at det å vere del av eit lesande fellesskap gir grunnlag for å utvikle lesegled og lesekompesanse (Bråten, I. (Red.): Leseforståelse : lesing i kunnskapssamfunnet – teori og praksis. Oslo: Cappelen, .2007). På båten er ramma rundt lesinga positiv og spennande for dei fleste: det er fleire generasjoner om bord samstundes, det å lesa og låna bøker vert positivt, noko «alle» gjer. Vaksne vert lesande førebilete for barna, gode bøker vert formidla av kompetent personale, litteraturformidling av nynorsk litteratur vert vektlagd. Brukarane gjev også uttrykk for at det er attraktivt å vera om bord i ein båt, og bokbåten kjem så pass sjeldan at det vert litt spennande kvar gong. Alle er om bord samstundes, og opplever levande kultur i intimframsyning. Bokbåten er noko eige for utkantane som sentrum ikkje har.

I 2001 fekk Bokbåten prosjektmidlar frå ABM til m.a. å starta ein bokbåtklubb for skulebarn som sokna til bokbåten i dei tre fylka. Dei første åra vart det gitt ut medlemsblad 2 gonger i året som vart send til barna før kvar tur. Bladet inneheldt m.a. omtale av barnebøker. Det var både kostnadskrevande og tidkrevende å laga bladet, difor gjekk ein over til å nytta heimesida til bokbåtklubben. Bokbåtklubbsida har nok ikkje vore så mykje brukt og det er tidkrevande å vedlikehalda ho. Det er avgjerande for at ho skal bli nytta. Ny nettside for bokbåten vert utvikla i løpet av 2013. I tillegg finst det mange andre nettressursar med omtale og formidling av barnelitteratur som bokbåten kan nytta aktivt. Formidlinga av litteraturen, spesielt for barn, kan alltid bli betre. Nyare formidlingsfilosofi, slik vi finn han uttrykt mellom anna gjennom openingthebook-ideen (Van Riel, Rachel: Det leservennlige biblioteket. Oslo : Nasjonalbiblioteket, 2011) og etablering av litteraturhus, legg vekt på å ta lesaren sitt perspektiv. Tilboda skal tilretteleggast slik at ein møter lesaren der lesaren er.

Mange skular og bibliotek har etter kvart blitt flinke til å arrangera ulike lesekampanjar. For å få ungars til å lesa mykje, er tilgjengeleghet til bøker viktig. Ein må finna rett bok til rett lesar. Dei aller siste åra har nokre bibliotek gitt ungars eit tilbod om å lesa bøker om sommaren. Det skal lesast mykje, og tilgangen til bøker skal vera der heile sommaren. Då må det vere nok bøker å velja mellom og bøker som passar for alle. Mange skular har også periodar i skuleåret

der lesing vert prioritert ekstra. Bokbåten gir folke- og skulebiblioteka høve til å supplera og fornya boksamlinga.

Kulturdepartementet har nett vedteke ei vidareføring av Leseløft 2010-2014, Lesestrategi 2013. Målet er å skapa auka leselyst. Leselyststrategien vil bli lagt fram av kulturministeren i løpet av juni.



Det er mange måtar å formidla bøker på. Dette er ikkje den beste! (Boksamlinga i ruskevêr).

## DKS

Den kulturelle skulesekken har eksistert frå 2002. Han gjev ulike kulturtilbod i skuletida til alle ungar i grunnskulen. Tidlegare fekk skulane sjølve velja kva tilbod dei ville ha, no er det DKS-leiinga som set opp tilboda og syter for at skulane får eit variert tilbod. Bokbåten hadde eit samarbeid med DKS hausten 2004, men fordi bokbåten dekkjer berre små skular med tilgang til kai, og DKS skal dekka alle skular, kunne ikkje bokbåten «avlasta» DKS. DKS ynskjer å samarbeide med fylkesbiblioteket om litteraturlibbet i DKS og kan vera med og drøfta kulturprogrammet på bokbåten, men ser ikkje at bokbåten kan gå inn i deira organisering av turneverksemda.

Bokbåtturneen i Sogn og Fjordane vert registrert i Ksys som er registreringssystemet til DKS. Bokbåtturneen vert dermed synleg for alle skulane på lik linje med DKS-tilboda og ein sikrar at tidspunkta høver for skulane.

I Hordaland samarbeider fylkesbiblioteket og DKS om kulturprogramma på bokbåten. DKS betalar 2/3 av honorarutgiftene, fylkesbiblioteket betalar resten av utgiftene (1/3 honorar, kost, losji, reiseutgifter for utøvarane). I Hordaland kjem tilbodet til bokbåtskulane på toppen av ordinære DKS-tilbod.

I Møre og Romsdal er det fylkesbiblioteket som er ansvarleg for kulturprogrammet, men DKS dekkjer halvparten av honoraret, resten av utgiftene (1/2 honorar, reiseutgifter, kost, losji). Dette tilbodet kjem på toppen av det ordinære DKS-tilbodet.

### **Folkeakademia**

Folkeakademia gjev tilbod om ulike typar program og er framleis ein stor formidlar av kultur. Bokbåten har eit samarbeid med Folkeakademiet Sogn og Fjordane om kulturprogramma.

### **Andre biblioteknester**

Alle kommunar skal ha eit folkebibliotek. Fleire kommunar i Sogn og Fjordane har prioritert å byggja ut hovudbiblioteket og å leggja ned filialar. Samstundes har mange utkantskulalar vorte nedlagde, og med dei, skulebiblioteka. Der det finst skular kan skulebiblioteka dekkja ein del av litteraturtilgangen til elevane. Men ressursane til skulebiblioteka er ofte små, både når det gjeld personale og økonomi til innkjøp av bøker. Fleire skulebibliotek og barnehagar nyttar bokbåten til å supplera si eiga bokstamme. Dette gjev ungane eit betre og meir variert tilbod gjennom heile skuleåret.

### **Internett, digitalisering, e-bøker**

Internett har gjort tilgang til og formidling av litteratur lettare.

Biblioteka i Norge var tidleg ute med å registrera boksamlingane sine i databasar og å gjera dei tilgjengelege på Internett. Det er såleis mogeleg å sjå kva bøker som finst kor. Biblioteka er knytt saman i eit nettverk, og ein kan få lånekort som gjeld på alle bibliotek i landet. Folk kan også tinga bøker online hjå andre bibliotek, bøkene vert då sende til nærmeste folkebibliotek (Norgeslån) og må hentast der. Netthandel er også blitt meir utbreidd, det er ikkje lenger naudsynt å ha ein bokhandel i nærleiken. Bøkene kan tingast på nett og ein får dei tilsendt i posten.

Nasjonalbiblioteket har utvikla tilbodet Bokhylla. Det gjer at norske bøker trykte før 2001 etter kvart vert tilgjengelege på nett for alle med norsk ip-adresse. E-bøkene er framleis i startgropa i Norge både når det gjeld private kjøp og innkjøp til bibliotek. Dei siste åra har dei største biblioteka gjort forsøk med utlån av e-bøker. Det er venta eit gjennombrot i utlån av e-bøker innan ganske kort tid. Fylkesbiblioteka vil truleg få ei sentral rolle i å legge til rette for innkjøp og utlån av e-bøker.

Bokbåten har eiga Facebook-side der det vert lagt ut fortløpende informasjon om bokbåturneane. Ein del lånarar er også flinke til å koma med innspel på sida. Dette kan utviklast. Det er også ynskje om at den nye heimesida til bokbåten vil opna for interaktiv kommunikasjon.

I dagens situasjon har bokbåten avgrensa ressursar i høve til å yta fullgod bibliotekteneste m.o.t. den digitale utviklinga. Bokbåten har for kort opningstid på kvart stopp til å bistå lånarane med nettsøk, og nettgangen er heller ikkje alltid optimal. Men det er viktig at bokbåten utnyttar dei mulegheitene som finst og er open for nye løysingar. Det er òg viktig at personalet på bokbåten er oppdaterte på digital kompetanse.

### **Marknadsføring av Sogn og Fjordane gjennom bokbåten**

Epos er den einaste bokbåten i Norge, og det finst heller ikkje mange bokbåtar i andre land. Media har alltid synt stor interesse for bokbåten, det har vore laga fleire tv-program om han: Mitt skip er lasta med...Epos. Om bokbåten Epos i Sogn og Fjordane (NRK 1989), Jakten på det fullkomne bibliotek (med Jostein Gaarder til ulike typar bibliotek over heile verda, frå bokbåten i Sogn og Fjordane til biblioteket i Alexandria) (NRK 2000, [http://www.nrk.no/informasjon/nyheter\\_om\\_nrk/1.498703](http://www.nrk.no/informasjon/nyheter_om_nrk/1.498703)), Her er eg (barneprogram med Kristianne på bokbåten på Barmen) (NRK 2010, (<http://nrksuper.no/super/tv/vis/?vid=676003&pro=1878>), og mange innslag i Vestlandsrevyen, Mørenytt, Norge i dag og i radioen. Pressa har også vore flittig om bord, sjølvsagt lokalpressa i dei tre fylka, men også VG og Dagbladet. Utanlandsk presse har også fatta interesse for bokbåten. I 1988 vart det gitt ut ei eiga bok om Epos: Holmås, Sig: Epos : boka om bokbåten. Bergen : Nord, 1988.

I 2012 fekk bokbåten Bibliotekprisen i Møre og Romsdal. Bokbåtsatsinga fekk utmerkinga for å vere ei unik flytande bibliotekteneste som har vore til nytte og glede for folk langs kyst og fjord i snart 50 år. Prisen vart delt ut av Norsk Bibliotekforening avd. Møre og Romsdal.

Bokbåtordninga kan vidareutviklast med hovudvekt på aktiv formidling til barn og unge. Ein kan tenkja seg eit «litteraturhus på fjorden», med arrangement, debattar, barneprogram og bokcaf  , gjerne i samarbeid med folkebiblioteka eller andre.

Arbeidsgruppa meiner at potensialet for å marknadsf  ra bokbåten som ei merkevare for Sogn og Fjordane fylke ikkje er godt nok utnytta. Bokbåten er unik for Vestlandet og kan nyttast aktivt i profilering av vestlandsfylka.



NRK lagar barne-tv om bord: Her er eg! - Kristianne

### Samarbeid med dei andre bokbåtfylka

Bokbåten vert driven i samarbeid mellom dei tre fylka Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Avtale om leige av båt vert gjort i samarbeid. Innkjøp av materiell og utstyr vert gjort i fellesskap, likeeins utvikling av evt nye produkt. Dei tre fylka har ansvar for sine respektive fylke, kjøper mellom anna inn medium til eige bruk og stiller med eige personale. Før 1980 var det ei felles boksamling for dei tre fylka. Det var blanda erfaringar med det, og ein gjekk vekk i frå det. Med nye innkjøps- og registreringsmetodar kan samarbeid sjåast på på nytt. Også når det gjeld kulturprogramma om bord er det samarbeid og erfaringsutveksling, men avtalar vert gjort kvar for seg. Det er fellesmøte mellom bokbåtansvarlege i fylka 1-2 gonger i året.

Bokbåten har profil på Facebook (Bokbåten Epos) der alle tre fylkesbiblioteka har tilgang og legg ut bilete og meldingar fortløpande. Det er mange som følger med på sida, spesielt i periodane Epos kører som bokbåt. Det er også ein del som legg inn kommentarar og spørsmål til tenesta.

Heimesida til bokbåten ([www.bokbaten.no](http://www.bokbaten.no)) er også felles for dei tre fylka. Her vert det lagt ut informasjon om bokbåten, om kulturprogramma, og om rutene. Ny heimeside er under utarbeiding.

Hausten 2013 er det 50 år sidan Epos vart bygd som bokbåt, og dette vil markerast i dei tre fylka, både med fellesmarkering i Ålesund 5. september og med separate markeringar.

## **Samarbeid med folkebibliotek i fylket**

Både i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane er det fylkesbiblioteka som har ansvar for heile drifta av bokbåten. Hordaland fylkeskommune har i dag eit samarbeid med ein av bokbåtkommunane om organisering av bokbåttilbodet. Fylkeskommunen kjøper tenester frå Lindås kommune, og frigjer på den måten arbeidskapasitet i eigen stab. Arbeidsgruppa ser dette som lite aktuelt i Sogn og Fjordane per i dag. Det vil auke kostnadene monaleg om ein skal leige til tenester som elles vert utført av fylkesbiblioteket sitt faste personale.

I svara frå spørjeundersøkinga til kommunane, var det fleire som kommenterte at bokbåten utfyller kommunen sine bibliotektenester til utkantane. Bokbåten er ein del av den samla bibliotektenesta i fylket, og høyrer saman med tilbodet som folkebiblioteka yter i kommunane. Men fylkesbiblioteket og bokbåtkommunane bør samarbeide tettare om formidling. Folkebiblioteka, skulebiblioteka og barnehagane i bokbåtkommunane kan utfordrast til å vere med på meir aktiv litteraturformidling i samband med bokbåtturane. Det kan vidare tenkast eit samarbeid om tekstformidling i vid forstand med aktørar frå profesjonelle og frivillige kunst- og kulturformidlingsmiljø.

## **Epos**

I 2003 var bokbåtdrifta på anbod. Epos var klart det beste tilbodet både når det gjaldt pris og funksjonalitet. 50 år gamle Epos er godt vedlikehalden, men ein må ha med i vurderingane om bokbåtdrifta kva som skjer om ein må ha ny båt. Dei tre fylkesbiblioteka har avtale med bokbåteigar Svein Ivar Vinnes om leige av Epos.

## **Utnytting av ressursane**

Fylkeskommunen betalar ein dagspris for leige av Epos, leigeprisen er difor den same uavhengig av talet på stopp. Utgiftene til kulturprogram, er også pr dag og såleis uavhengig av kor mange framsyningar det er. Bokbåtruta gir rom for å leggja inn fleire anløp, noko som heller ikkje vil føra til auke i utgiftene.

Sogn og Fjordane er det einaste av dei tre bokbåtfylka som har eigendel frå kommunane som deltek i ordninga. Kommunane betaler for kvar time som båten stoggar i deira kommune. Det må vurderast nærmare om fylkeskommunen skal gå sterkare inn i avgjerda om kvar bokbåten skal ha anløp. No er det kommunane som i all hovudsak vurderer dette åleine, sjølv om den kommunale eigendelen utgjer ca 21% av budsjettet. Fylkesbiblioteket vurderer heilskapen i reiseruta, slik at kapasiteten til bokbåten og geografien vert best mogeleg utnytta, dvs. at det ikkje er for langt mellom stoppa, og at dagane vert utnytta i forhold til kven som vil ha stopp når (skuletid, ettermiddag, kveld, helg).

Arbeidsgruppa har i samband med evalueringa vurdert fleire finansieringsordningar: dagens ordning med kommunal eigendel, eit alternativ med auka communal eigendel og eit alternativ med full fylkeskommunal finansiering. Ordninga med communal eigendel inneber ulempene som er skisserte over. Fylkeskommunen får kompensert noko av kostnaden, men misser mykje av fridomen til å planleggje tilbodet slik ein ser det mest tenleg. Auka communal eigendel kan gje større økonomisk spelerom og frigjere fylkeskommunale ressursar.

Samstundes ville ei slik ordning i endå større grad avgrense fylkeskommunen sitt handlingsrom. Med løvingane som kommunane i vårt fylke så langt har hatt rom for til bibliotekføremål, ser ein det dessutan som lite realistisk å få til ei slik løsing i dag.

Fører Kulturutredningen 2014 til at kommunane har meir ressursar til bibliotekføremål, kan det vere aktuelt å sjå på ei slik ordning. Slik situasjonen er i dag, ser arbeidsgruppa alternativet med full fylkeskommunal finansiering av bokbåten som den beste løysinga. Tilbodet kan då tilretteleggast for å nå fram der behovet er størst.

## **6. OPPSUMMERING**

Bokbåttenesta er eit samarbeid mellom dei tre vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Ordninga starta for 54 år sidan i Hordaland, og dei to andre fylka kom med 1964. Båten som er i bruk i dag har 50-årsjubileum i år. Bokbåten vart etablert som eit kultur- og litteraturformidlingstiltak i grisgrendte strok, og tilbodet har vorte vidareutvikla gjennom skiftande tider fram til i dag. I løpet av denne tida har samfunnet endra seg mykje: Folketalet har gått ned i mange kommunar, færre arbeider heime og på gardane, og ei rekke skular, butikkar og postkontor er nedlagde. Også mange av bibliotekfamiliane er stengde dei siste åra, og bokbussordninga vart avslutta i 2011. Samstundes er vegngettet bygd ut og kommunikasjonane betra. Folk har vorte meir mobile. Bokbåttenesta har endra seg med samfunnsutviklinga. Nokre stopp er borte fordi det ikkje lenger er befolningsgrunnlag for dei, andre er oppretta fordi andre bibliotektilbod er borte eller fordi ein har ynskt å knyte tenesta til skular og barnehagar.

### **Tenesta – kulturtildob og bibliotek**

Bokbåten går to turar i året, éin om våren og éin om hausten. Likevel er utlånet på bokbåten høgare enn det 50 prosent av folkebiblioteka i Sogn og Fjordane oppnår kvar for seg. Ser vi på statistikken, finn vi at utlånet på båten aukar og minkar på same måte som hjå folkebiblioteka, både i vårt fylke og på nasjonalt plan. Bokbåten har også med eit kulturprogram for barn og unge, han er ein møtestad for lokalbefolkninga der han kjem. Det er jamt over god oppslutning om programma. Arbeidsgruppa meiner besøks- og utlånstala fortel oss at tenesta fungerer, og at båten ser ut til å stette eit behov.

### **Litteraturformidling**

I *Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014* har litteraturformidling med særleg vekt på nynorsk språk og litteratur fått stor plass. Bokbåttilboden er ein del av fylkesbiblioteket si satsing på dette området. Formidlingsstrategien byggjer på ei forståing av lesinga si betydning for læring, danning og deltaking i demokratiet. Foreldre, lærarar og bibliotekarar er lesande førebilete for barn og unge. Bokbåtordninga er i særleg grad tilrettelagt for at barn og vaksne kan dele litteratur- og kulturopplevingar.

Litteraturformidling må i dag sjåast i eit utvida perspektiv, som formidling av både trykte, digitale og nettbaserte tekstar. Tilboda skal tilretteleggast slik at ein møter lesaren der lesaren er. Bokbåtordninga kan vidareutviklast med utgangspunkt i ein slik tankegang, framleis med hovudvekt på aktiv formidling til barn og unge. Ein kan tenkje seg eit «litteraturhus på fjorden», med arrangement, debattar, barneprogram og bokcafé. Nettstaden kan byggjast ut

slik at han opnar for auka kontakt mellom brukarane og bokbåttenesta, både medan båten er undervegs og mellom turane. Bokbåttilboden må òg knytast til andre digitale tekstformidlingstenester.

Bokbåten er ein del av den samla bibliotektenesta i fylket, og høyrer saman med tilboden som folkebiblioteka yter i kommunane. Fylkesbiblioteket og bokbåtkommunane bør søkje å samarbeide tettare om formidling. Folkebiblioteka, skulebiblioteka og barnehagane i bokbåtkommunane kan utfordrast til å vere med på meir aktiv litteraturformidling i samband med bokbåtturane. Det kan vidare tenkjast eit samarbeid om tekstformidling i vid forstand med aktørar frå profesjonelle og frivillige kunst- og kulturformidlingsmiljø. Bokbåten har allereie eit samarbeid med Folkeakademiet om kulturprogram, og dette er det naturleg å halde fram med.

### **Samarbeid**

Arbeidsgruppa har dessutan sett spesielt på om det er mogleg å få til eit samarbeid mellom bokbåtordninga og Den kulturelle skulesekken. DKS samarbeider i dag med fylkesbiblioteket om litteratur-tilboden i DKS, og vil i framtida også kunne vere med og drøfte innhaldet i kulturprogrammet på bokbåten. DKS ser likevel ikkje at bokbåten kan gå inn i deira organisering av turnéverksemda, og at dei har høve til å knyte opp midlar til denne ordninga.

Vidare utvikling av bokbåttenesta må skje i samarbeid med nabofylka, og det bør utgreiast nærmare korleis ein kan samarbeide tettare om innkjøp, organisering, planlegging av kulturarrangement og marknadsføring av tilboden. Bokbåten har etter arbeidsgruppa si meining eit uutnytta potensial som merkevare for vestlandsfylka. Båten har vore tema i ei rekke avisartiklar og i radio- og fjernsynsprogram. Han framstår som eit særmerkt og eksotisk tilbod. Historia om båten er også forteljinga om den særegne topografién på Vestlandet og om korleis det er å bu i fjordfylket Sogn og Fjordane.

### **Finansiering**

Den største skilnaden på bokbåttenesta i Sogn og Fjordane og ordninga i dei andre fylka, er at kommunane i vårt fylke betaler ein eigendel for bokbåttilboden. I Hordaland og Møre og Romsdal finansierer fylkeskommunane heile ordninga. Hos oss betaler kommunane for stopptid, ein refusjon for kvar time båten stoggar i deira kommune. Den kommunale eigendelen utgjer ein liten del (ca 21 %) av samla kostnader med ordninga, men kommunane får likevel stor innverknad på korleis ruta skal leggjast. Dette fører til utfordringar når det gjeld å få til effektiv utnytting av bokbåtordninga. Båten får lang køyring og mykje ventetid på delar av ruta, og ein må i nokre tilfelle legge inn stopp som fylkesbiblioteket ikkje ville prioritert om ein kunne velje fritt. Dei andre fylkesbiblioteka står friare til å legge opp bokbåtruta slik ein ser det mest tenleg og dermed òg til å vidareutvikle tilboden. Det er eit mål å sikre at bokbåten går der behovet er størst, og at ikkje for mykje tid går bort i køyre- og ventetid. Full fylkeskommunal finansiering av tenesta vil gi rom for å planleggje ruta med dette for augtet.

Arbeidsgruppa har vurdert fleire finansieringsordningar: dagens ordning med kommunal eigendel, eit alternativ med auka kommunal eigendel og eit alternativ med full fylkeskommunal finansiering. Ordninga med kommunal eigendel ber i seg ulempene som er

skisserte over. Fylkeskommunen får kompensert noko av kostnaden, men misser samstundes mykje av fridomen til å tilretteleggje tilbodet slik ein ynskjer. Auka kommunal eigendel kan gje større økonomisk spelerom og frigjere fylkeskommunale ressursar. Samstundes ville ei slik ordning i endå større grad avgrense fylkeskommunen sitt handlingsrom. Med løyvingane som kommunane i vårt fylke så langt har hatt rom for til bibliotekføremål, ser ein det dessutan som lite realistisk å få til ei slik løysing i dag (slik òg svara frå kommunane på spørjeundersøkinga tyder på). Dersom folkebiblioteka får auka ressursar i kjølvatnet av Kulturutredningen 2014, kan det vere meir aktuelt å sjå på ei slik ordning. Arbeidsgruppa ser alternativet med full fylkeskommunal finansiering av bokbåten som den beste løysinga. Ei slik ordning føreset at fylkesbiblioteket får tilført budsjettmidlar tilsvarende den kommunale eigendelen. Uavhengig av kva løysing som vert valt, må fylkesbiblioteket ha rom for å vurdere innhald og organisering av tenesta fortløpande, også korleis ein vil leggje opp samarbeidet med kommunane.

### **Utvikling**

Arbeidsgruppa meiner bokbåttenesta bør utviklast vidare som eit lågterskeltilbod særleg retta mot barn og unge, med vekt på kvalitet og allsidigheit. Med framlegg til endringar i Biblioteklova har Kulturdepartementet gitt signal om at biblioteka skal styrke si rolle som arena for formidling og offentleg samtale. Kulturutredningen 2014 tek til orde for auka satsing på «den kulturelle grunnmuren», deriblant biblioteka, og gjer framlegg om eit lokalt kulturløft. Arbeidsgruppa ser bokbåten som ein del av det desentraliserte kultur- og bibliotektilbodet som er nødvendig i eit fylke som vårt. Ordninga bør vidareførast i fem år før ny evaluering, dersom det ikkje skjer vesentlege endringar i vilkåra for drifta før den tid. Slike endringar kan vere at eitt av dei andre fylka trekkjer seg ut av samarbeidet, at det vert behov for ny båt eller at fylka må gå sterkare inn økonomisk på andre bibliotekområde.